

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F700	Knut Øyjordet	04.03.21	8/21

SØKNAD OM UTVISING AV BEITEAREAL OG TILLEGGSJORD VED SETRA – STEIN ROGER ROSTLØKKEN

Saksdokument:

1. Søknad frå Stein Roger Rostløykken av 02.09.19 og e-post av 22.02.21.
2. Brev frå fjellstyret til kommunen, Langmorkje almenning og Statskog av 04.02.21.
3. Brev frå Statskog av 08.02.21 til fjellstyret.
4. E-post frå kommunen av 10.02.21 til fjellstyret.
5. E-post frå Langmorkje almenning av 19.02.21 til fjellstyret.

Saksutgreiing:

Stein Roger Rostløykken søkte for over eit år sidan om å få utvist meir tilleggsjord og beiteareal i området ved setra ved Melingen (festenr. 700, Sandånebbvegen 80). Han driv med sau og ammeku, har i dag 100 vinterfora søyer, 18 ammekyr pluss framføring av kalv. Han skriv m.a. i søknaden at han har behov for meir dyrkingsjord og beiteareal. Han har liten moglegheit for utviding heime på garden, og det er vanskeleg å få leigd jord i nærområdet. Både vår og haust er innmarksbeite viktig før og etter at dyra er på utmarksbeite i området ved setra. Fjellstyret hadde eit møte/synfaring med Rostløykken på setra hans i juni i fjor, der også Hilde Hammer i Statskog deltok.

Søknader om beiteareal og tilleggsjord blir behandla etter reglane i "Seterforskrifta". Fjellstyret fattar vedtak om utvising, men spørsmål om inngjerding er ei grunnDisponering der Statskog tek avgjerd. Det krevst difor løyve både frå fjellstyret og Statskog. I tillegg krevst det løyve frå kommunen etter forskrift om nydyrking for areal som eventuelt blir utvist til nydyrking. Etter seterforskrifta skal fjellstyret leggje fram saka for kommunen, Statskog SF og Langmorkje almenning for fråsegn. Ingen av desse har merknader til utvising av aktuelt areal som omtala nedanfor. Statskog skriv m.a. følgjande i si uttale:

Vi ser det som positivt at fjellstyret finner nærliggende arealer i statsallmenningen som tidligere er godkjent og utvist som tilleggsjord. Forutsatt at fjellstyret utviser beiteareal har ikke Statskog noen innvendinger mot at arealene gjerdes inn, jf. Fjellovens § 12. Før inngjerding kan gjennomføres gjør vi oppmerksom på at det utviste arealet må avgrensas ved evt. grensejustering eller oppmåling. Ved behov vil Statskog rekvirere oppmåling når endelig utvisingsvedtak foreligger fra fjellstyret. Kostnader knyttet til dette må dekkas av den som får utvist arealet.

Vurdering:

Fjellstyret bør sjå positivt på søknaden, og prøve å finne eigna areal for Rostløykken både til dyrking og beite, og fortrinnsvis i nærleiken av setra. Men setra hans er nokså «inneklemt» av setrer og parsellar på «alle kantar», og med Melingen som grense mot sør. Men i området er det tidlegare vorte vist ut parsellar for dyrking som heilt eller delvis ikkje har vorte tatt i bruk. Dette gjeld feste 1109 og nr. 704, som ligg austafør seterkvea hans på nordsida av

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Sandånebbvegen. Feste 1109 vart vist ut i 1986 til bruket Lauvrud, med seter inntil (festenr. 706), med Svein Arne Rustbakken som eigar i dag. Ca. 13 dekar av denne parsellen (totalt på ca. 59 dekar) vart dyrka opp og gjerda inn saman med seterkvea. Austafor og inntil denne parsellen ligg parsell 704 (totalt på ca. 30 dekar), som vart utvist til bruket Skogheim i 1971, med Kirsten Anita Bråten som eigar i dag. Denne er også inngjerda, men ikkje dyrka opp. Både Rustbakken og Bråten er kjent med at vilkåra for utvisinga ikkje er oppfylt og at parsellen difor fell automatisk attende til statsallmenningen, og dei har fått brev om dette. Drifta på desse to bruka i dag tilseier også at dei ikkje har behov for tilleggsjord. Sidan desse to parsellane ligg inntil setra til Rostløykken, så er dei svært aktuelle for utvising til Rostløykken sjølv om det totale arealet ligg litt under arealønskje hans. Dette er også areal som tidlegare er «klarert» og utvist til dyrking. Fjellstyret har hatt fleire søknader i seinare år om utvising av beiteareal inntil seterkve, der alle har vorte innvilga fordi det har vore eit behov for meir beiteareal. Utvising av tilleggsjord på «nytt land» er meir sjeldan, sist gong var i 2013 med utvising av meir tilleggsjord til Svein Lonbakken ved Vakkersletta.

Dersom Rostløykken får utvist det aktuelle området, så må fordeling av beiteareal og tilleggsjord bli avgjort seinare, og i samråd med Rostløykken. Det same gjeld arealet som er dyrka opp på feste 1109, men det vil kanskje vera mest naturleg å leggje dette til seterkvea (på feste 706). Detaljavgrensingar her må ein også sjå på seinare. Kart over arealet på setra til Rostløykken er vedlagt, dvs. feste 700 og 1238 (feste 1238 er beiteareal som vart utvist i 1998). I tillegg er kart over feste 1109 og 704 vedlagt.

Innstilling til vedtak:

Med heimel i § 5 og § 20 i Seterforskrifta får Stein Roger Rostløykken utvist eit område austafor seterkvea og setra hans ved Melingen til beiteareal og tilleggsjord, dvs. delar av arealet på feste 1109 og heile arealet på feste 704, som for mange år sidan vart utvist til tilleggsjord, men som aldri vart dyrka opp. Fjellstyret grunngjev dette med at han driv aktivt med dyrehald, både storfe og sau, og han har behov for meir tilleggsjord og inngjerda beite vår og haust. Ved å vise ut dette arealet, vil han få samla alt av dyrka mark og beiteareal i «fjellet» ved setra, og på denne måten oppnå ei rasjonell drift.

Fjellstyret rår Statskog til å godkjenne inngjerding av det aktuelle området. Dersom Statskog er positiv til inngjerding, vil fordeling av areal til tilleggsjord og beiteareal skje på ei synfaring. Det same med grense mellom det som er dyrka opp på feste 1109 og det nye arealet til Rostløykken.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Stein Roger Rostløykken
Statskog SF v/Hilde Hammer

Kopi til:

Kommunen v/landbrukskontoret
Langmorkje almenning
Svein Arne Rustbakken
Kirsten Anita Bråten

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no